



Arnhild Sagstad
Løhøyen 15
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6701 - 15/7733

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.04.2015

Løyve til tiltak - garasje på gbnr 134/359 Hilland.

Administrativt vedtak. Saknr: 118/15

Tiltakshavar: Arnhild Sagstad
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 49,9 m² og bygd areal (BYA) ca. 39 m².

Det vert elles vist til søknad mottatt 22.09.2014, supplert 22.12.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.12.2014 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Tilleggsdokumentasjon mottatt 22.12.2014 har ved ein inkurie ikkje blitt registrert på saka som følgjeleg ikkje har blitt ferdighandsama innan fristen. Kommunen beklagar dette.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Hilland gbnr 134 bnr 4 og 37 endra er definert som byggjeområde for bustadar .

Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering



Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.04.2014.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 5 meter.

Eigedomen er seksjonert. Garasjen skal plasserast på fellesareal for sameiget. Det ligg føre erklæring med løyve til omsøkte plassering frå seksjonseigarane, jf dokument datert 09.10.2014.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Tiltaket skal plasserast på allereie planert terreng. Mønehøgda er opplyst til 5,38 meter.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Omsøkte tiltak medfører inga endring av desse tilhøva.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Privatrettslege tilhøve synast stetta ved dokumentert erklæring frå seksjonseigarane. Private avtalar bør alltid tinglysast.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2a vert det gjeve løyve til oppføring av garasje i samsvar med søknad mottatt 22.09.2014, med mottatt tilleggsdokumentasjon, og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 03.04.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6701

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen. Alternativt kan det leverast inn situasjonsplan i målestokk med nøyaktige mål til minimum to punkt på bygget som dannar ei line/side på bygget.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.6	Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg – garasje	1	Kr 3 700,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 3 700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arnhild Sagstad

Løhøyen 15

5911

ALVERSUND